



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Bygland kommune



Prisliste 2025

Kommunedirektøren sitt forslag

Innhald

TENESTEYTING KOMMUNEDIREKTØREN SIN STAB.....	2
EIGEDOMSSKATT	2
KOPIERINGSGEBYR	2
BEVILLINGSGEBYR	2
TENESTEYTING OPPVEKST.....	3
FORELDREBETALING OPPVEKSTSENTER	3
<i>Barnehage</i>	3
<i>SFO</i>	3
TENESTEYTING HELSE OG OMSORG.....	4
EIGENBETALING PLEIE- OG OMSORGSTENESTER.....	4
OMSORGSBUSTADER.....	5
EIGENBETALING HELSETENESTER	6
TENESTEYTING SAMFUNN	7
GEBYR ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN GJELDANDE FOR 2025	7
KART- OG EIGEDOMSINFORMASJON, PRISER TIL LEVERANDØR 2025.....	9
GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVEN.....	10
HANDSAMING AV PRIVATE REGULERINGS- OG DETALJPLANAR	13
JORD- OG KONSESJONSLOV	14
FELLINGSAVGIFTER.....	14
KOMMUNALE AVGIFTER OG BETALINGSSATSAR	14
<i>Årsavgift for vann (fast- og kubikkavgift for hus, hytte og næring)</i>	14
<i>Årsavgift for kloakk (fast- og kubikkavgift for hus, hytte og næring)</i>	15
<i>Årsavgift for slamtømming</i>	16
<i>Årsavgift for renovasjon</i>	17
<i>Årsavgift for feiing</i>	18
TIL UTLEIGE	19
<i>Takstar familiebadninga på Bygland skule</i>	19
<i>Utleige av Byglandshallen</i>	20
<i>Utleige av Ose grendehus</i>	20
<i>Utleige av Lokomotivstallen</i>	21
<i>Utleige av Grendi skule</i>	21
<i>Utleige av Åraksbø grendehus</i>	21
<i>Husleige i kommunale bustader</i>	21
TOMTEPRISAR.....	22
EIGENANDEL FOR KOMMUNAL BRØYTING AV PRIVATE VEGAR	22

Tenesteyting kommunedirektøren sin stab

Eigedomsskatt

Kommunen skriv ut 7 promille i eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett.

Kopieringsgebyr

Kostnadar til drift av kontormaskinar og programvare (kartplottar og skrivarar) er forholdsvis høge. For å dekkje noko av desse kostnadane gjevast følgjande gebyrregulativ på utskrifter frå kartplottar:

A1 + A0: kr 112

Kopiar kostar kr 3 for A4 svart/kvitt - kr 11 for A4 farge - kr 5 for A3 svart/kvitt - kr 21 for A3 farge.

Laminering kostar kr 44 for A3, kr 22 for A4, kr 12 for C5.

Merk at alle desse beløpa er ekskl. mva.

For tilsette i kommunen, er printing og kopi i A3 og A4-format gratis.

Bevillingsgebyr

Gebyret er regulert i alkoholforskrifta kapittel 6.

Gebyret fastsetjast kvart år i samsvar med forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 6-2

<https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§6-2>

I tillegg vil Bygland kommune tilby ein eigen sats for skjenkebevilling over kortare periodar enn 1 år, men minimum 1 månad. Denne satsen vert berekna som følgjer:

$$\text{Skjenkebevilling, bestemt periode: } \frac{x}{12} \cdot \text{antall mnd} \cdot 1,5$$

Kor 1,5 er ein fast takst basert på det meirarbeidet kommunen har med fortløpande handsaming av desse søknadane. Talet over brøkstreken merka «x» vert endra i samsvar med gebyrsatsen i alkoholforskrifta.

Gebyrsatsar enkelt bestemt anledning:

Enkelt bestemt anledning inntil 3 døgn samanhengande	Frå 100-199 gjester	75 % av min.gebyr
Enkelt bestemt anledning inntil 3 døgn samanhengande	Frå 50-99 gjester	50 % av min.gebyr
Enkelt bestemt anledning inntil 3 døgn samanhengande	Over 200 gjester	100 % av min.gebyr
Enkelt bestemt anledning inntil 3 døgn samanhengande	Under 50 gjester	25 % av min.gebyr

Gebyr etter tobakksskadelova

Det krevjast tilsynsavgift frå salsstadar for tobakksvarer og tobakksurrogatar til forbruker i samsvar med tobakkskadeloven § 7, for å dekkje kostnadar med tilsynsoppgåver.

Gebyret fastsetjast kvart år i samsvar med forskrift om registrerings- og bevillingsordning for tobakksvarer mv. § 33: <https://lovdata.no/forskrift/2017-09-21-1446/§33>

Tenesteyting Oppvekst

Foreldrebetaling oppvekstsenter

Barnehage

Det vert gjeve søskenmoderasjon innanfor barnehagen: 50 % moderasjon for barn nummer to og 100 % moderasjon for barn nummer tre eller fleire barn

Betaling barnehage pr. mnd.	01.08.2023	01.08.2024	01.08.2025*
3 dagar (inntil 27 timar pr. veke)	1 800	900	900
4 dagar (28-36 timar pr. veke)	2 400	1 200	1 200
5 dagar (over 37 timar pr. veke)	3 000	1 500	1 500
Betaling ekstratimar	45	47	49

*Sats frå 01.08.2025 kan endrast ut frå sentrale føringar.

I tillegg kjem matpengar:

Matpengar	01.08.2023	01.08.2024	01.08.2025
3 dagar per veke	197	206	215
4 dagar per veke	259	271	283
5 dagar per veke	321	336	351

Det er to moderasjonsordningar for dei med låg inntekt:

- **Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga:** Ingen skal betale meir enn 6 % av husstanden si inntekt for barnehageplass.
- **Gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5- åringar:** Alle 2-, 3-, 4- og 5- åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i eit hushald med låg inntekt har rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. Inntektsgrensa for gratis kjernetid er kr 669 050 frå 01.08.2025.

Foreldre med inntekt som ligg under grensene, må sjølv søkje om reduksjon i foreldrebetalinga. Får ein godkjent reduksjon i foreldrebetalinga, gjeld den nye satsen frå den månaden søknaden er registrert motteken i kommunen.

SFO

Det blir gitt 50 % søskenmoderasjon innanfor SFO.

Betaling SFO pr. md. for 1.-3. kl.	01.08.2023	01.08.2024	01.08.2025
Sats 1 (1-6 timar pr. veke)	0	0	0
Sats 2 (6-12 timar pr. veke)	0	0	0
Sats 3 (12-17 timar pr. veke)	550	577	603
Sats 4 (17- maks timar pr. veke)	1300	1364	1425
Betaling ekstratimar	45	47	49

Betaling SFO pr. md. for 4. kl.	01.08.2023	01.08.2024	01.08.2025
Sats 1 (1-6 timar pr. veke)	1000	1050	1097
Sats 2 (6-12 timar pr. veke)	1700	1780	1860
Sats 3 (12-17 timar pr. veke)	2100	2200	2299
Sats 4 (17- maks timar pr. veke)	2400	2520	2633
Betaling ekstratimar	45	47	49

I tillegg kjem matpengar:

1.-3. kl. pr. md.	01.08.2023	01.08.2024	01.08.2025
Sats 1	150	157	164
Sats 2	150	157	164
Sats 3	210	220	230
Sats 4	240	250	261

4. kl. pr. md.	01.08.2023	01.08.2024	01.08.2025
Sats 1	120	125	131
Sats 2	170	175	183
Sats 3	210	220	230
Sats 4	240	250	261

Moderasjonsordningar i SFO:

- Redusert foreldrebetaling i SFO for hushaldningar med elevar på 1.–4. trinn. Familiar skal ikkje betale meir enn 6 % av hushaldninga si samla inntekt for ein SFO-plass. Ein må søke kvart år og legge ved dokumentasjon på inntekt.
- Gratis SFO for elevar med særskilte behov på 5.–7. trinn.
- 12 timar gratis SFO for elevar på 1.-3. trinn.

Tenesteyting Helse og omsorg

Betalingssatsane er regulert i tråd med FOR 2011-12-16-1349 «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester». Dersom husstandens samla skattbare nettoinntekt før særfrådrag er under 2G, gir Helse- og omsorgsdepartementet ut rundskriv om fribeløp og eigenandeler kvart år som avgrensar kommunen sin moglegheit til å auke eigenandelane. Beløpet for 2G vil bli korrigert for endringar i eigenandelane etter rundskrivet frå departementet som blir kunngjort i desember 2021.

Eigenbetaling pleie- og omsorgstenester

Heimesjukepleie	2024	2025	
Heimesjukepleie	Gratis	Gratis	
Praktisk bistand og opplæring («Heimehjelp»)	2024	2025	
Husstandsinnkomst: mindre enn 2G	230	230	Pr mnd (Sjå merknad)
Husstandsinnkomst: 0-2G	75	95	Pr time
Husstandsinnkomst: 2-3G	109	170	Pr time
Husstandsinnkomst: 3-4G	136	290	Pr time
Husstandsinnkomst: 4-5G	164	290	Pr time
Husstandsinnkomst: 5G ->	207	290	Pr time

Merknad:

- «Utgiftstak» pr mnd jf § 10 i «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester».
- Kommunen kan sjølv fastsette regler for betaling av vederlag og betalingssatsar for tenestane.
- Vederlaget må ikkje overstige kommunens egne utgifter jf sjølvkostprinsippet.
- Satsane for inntil 2G er gitt av føresegna.

Langtidsopphald i sjukeheim	2024	2025	
Langtidsopphald i sjukeheim:	-	-	Sjå merknad under
Kurdøgnpris	3 267	-	Maksimalt kr 40 000 pr. måned

Merknad:

- Det blir betalt vederlag for langtidsopphald på grunnlag av bebuar si inntekt, jf. «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» og jf. «Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2».
- Som hovudregel skal ikkje betaling overstige det som det kostar å drive ein institusjonsplass, dvs. *kurdøgnpris*. Dersom bebuar si inntekt førar til at eigenbetalinga blir høgare enn kurdøgnprisen, så er

kurdøgnprisen det maksimale vedkomande skal betale. Kurdøgnprisen blir utrekna på følgjande måte: Netto driftsutgifter for institusjon (bebuarane sine vederlagsbetalingar, samt kapitalutgifter- og renter blir heldt utanfor) delt på totalt antal institusjonsdøgn for institusjonen.

Korttidsopphald og avlasting	2024	2025	
Korttidsplass - døgn	193	200	Sjå merknad under
Korttidsplass - dag-/nattopphald	110	115	Sjå merknad under
Avlastingsopphald	Gratis	Gratis	Sjå merknad under
Merknad:			
- Eigenbetaling jf «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgs-tenester» § 4 og jf «Helse- og omsorgs-tenesteloven» § 11-2. Etter 60 døgn pr kalenderår, er betalinga som for langtidsopphald. - Korttidsopphald som primært ytast for å avlaste pårørende i omsorgsoppgåvene er gratis. Jf «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» § 1 og jf «Helse- og omsorgstjenesteloven» § 11-2.			
Andre omsorgstenester: (ikkje lovpålagde tenester)	2024	2025	
Matombringning (middag)	95	100	Pr. gong
Velferdsteknologi:			
Tryggleiksalarm	130	200	Pr. mnd.
Tilleggssensorar	13	20	Pr. mnd. Ekstra sensorar i tillegg til tryggleiksalarm.
Mat og servering på Byglandsheimen for bebuarar i omsorgs-/aldersbustader:	2024	2025	
Middag	95	100	
Alle måltid	240	250	
Mat og servering isbm med seniorsenter:	2024	2025	Sjølvkostprinsippet er lagt til grunn ved utrekning av priser.
Middag	95	100	
Lunsj	65	70	
Kake	20	20	
Kaffi	20	20	Påfyll er gratis
Mat og servering for besøkjande:	2024	2025	Sjølvkostprinsippet er lagt til grunn ved utrekning av priser.
Middag m/dessert el suppe	95	100	

Omsorgsbustader

Omsorgsbustader	Utleigetakst pr. 01.04.24	Utleigetakst pr. 01.04.25	Merknad
Bufellesskap på Byglandsheimen	6 470	6 750	HO budsjett
Byglandsheimen 005 B	8 740	9 150	HO budsjett
Byglandsheimen 047 C	7 050 ⁽¹⁾ 7 270 ⁽²⁾	7 600	HO budsjett
Byglandsheimen 052 C	7 270	7 600	HO budsjett
Byglandsheimen 063 D	7 050 ⁽¹⁾ 8 740 ⁽²⁾	9 150	HO budsjett
Byglandsheimen 082 E	6 270	6 550	HO budsjett
Byglandsheimen 083 E	7 270	7 600	HO budsjett
Byglandsheimen 084 E	7 270	7 600	HO budsjett
Byglandsheimen 085 E	7 270	7 600	HO budsjett
Stasjonsvegen, Birkelands gate (gamle bustader)	6 510	6 950	HO budsjett

Birkelands gate (nye bustader)	7 570	7 900	HO budsjett
- Husleigeinntekter frå omsorgsbustader blir ført inn i Helse og omsorg sin rekneskap. - Husleiga på inngåtte husleigeavtalar vert auka i samsvar med husleigelova § 4-2 (tilsvare auke i konsumprisindeksen/kommunal deflator siste år). - Merknader til omsorgsbustader i Birkelandsgate og Stasjonsvegen på Byglandsfjord: ⁽¹⁾ Husleigetaksten gjeld for leigetakarar som budde i leilegheita før oppdatert leigefastsetting. ⁽²⁾ Husleigetakst for nye bebuarar.			

Eigenbetaling helsetenester

Eigenbetaling helsetenester	2024	2025	Kommentar
Legekontor	-	-	«Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» §§ 11, 12.
Fysioterapi	-	-	Honorarsatsar etter dei til ein kvar tid gjeldande avtale mellom staten og Den norske legeforening og folke-trygda si refusjonssats.
Helsesystemteneste	Gratis	Gratis	
Jordmortenesta	Gratis	Gratis	
Psykisk helse og rus	Gratis	Gratis	

Tenesteyting Samfunn

Gebyr etter plan- og bygningsloven gjeldande for 2025

1. Alminnelege føresegn

Gebyret er heimla i plan- og bygningsloven § 33-1

- 1.1. Gebyrkrav vert sendt til tiltakshavar eller rekvirent der ikkje anna er avtalt.
 - 1.2. Sakshandsamingsgebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.
 - 1.3. Det vert ikkje gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest på søknadspliktige tiltak før sakshandsamingsgebyr er betalt.
 - 1.4. Kommunen kan i visse høve krevje at sakshandsamingsgebyret skal vere betalt før søknad vert handsama.
 - 1.5. Det skal ikkje betalast gebyr for handsaming av klagesaker.
 - 1.6. Dersom eit gebyr er openbart urimeleg kan kommunedirektøren eller den som har fått fullmakt fastsetje eit høveleg gebyr.
 - 1.7. Klage på fastsetting av gebyr medfører ikkje lengre betalingsfrist.
 - 1.8. Evt. klage på gebyr må sendast skriftleg til Bygland kommune der det vert handsama i plan-, miljø- og ressursutvalet. Fylkesmannen er endeleg klageinstans.
 - 1.9. Ved handsaming av nytt løyve der tidlegare løyve har gått ut må det betalast fullt gebyr.
 - 1.10. Gebyr bereknast ut frå regulativet som gjeld den datoen kommunen har motteke ein komplett søknad.
 - 1.11. Ved komplett søknad der det ikkje er behov for å innhente tilleggsopplysningar vert sakshandsamingsgebyret redusert med 20 %.
- Auken i gebyrsatsane frå 2024 til 2025 vert sett til 4,5 %.

2. Dispensasjonsgebyr jf. Plan- og bygningsloven kap. 19.

- | | |
|--|-------------|
| 2.1. Søknad om dispensasjon - politisk handsaming | kr. 6.906,- |
| 2.2. Søknad om dispensasjon – administrativ handsaming | kr. 3.450,- |

3. Tiltak som krev søknad jf. Plan- og bygningsloven kap. 20.

(gebyr for evt. dispensasjonsvedtak og godkjenning av lokal ansvarsrett kjem i tillegg)

- | | |
|--|--------------|
| 3.1. Tiltak som kan forestås av tiltakshavar jf. § 20-4, a, b, c, d og e | kr. 3.108,- |
| 3.2. Tiltak med krav om ansvarleg føretak jf. § 20-3 | |
| 3.2.1. Fasadeendring, riving og installasjonar | kr. 3.108,- |
| 3.2.2. Innhegning mot veg og skilt og reklame | kr. 3.108,- |
| Frådeling i tråd med plan | kr. 1.731,- |
| Frådeling i uregulert strøk | kr. 3.450,- |
| (i tillegg kjem gebyr for handsaming av delingssøknad etter jordlova) | |
| 3.2.3. Tilbygg, vesentleg reperasjon, bruksendring, ombygging, midlertidige konstruksjonar, vesentlege terrenginngrep og veg, parkeringsplass, landingsplass | kr. 6.214,- |
| 3.2.4. § 20-3, oppføring av ny bustad med 1 bueining | kr. 10.362,- |
| Tillegg pr. kvar ekstra bueining | kr. 5.182,- |
| Søknad om bustad med fleire bygg på same eigedom | kr. 11.224,- |
| 3.2.5. § 20-3, oppføring av fritidsbustad med 1 bueining | kr. 15.542,- |
| Tillegg pr. kvar ekstra bueining | kr. 5.182,- |
| Søknad om fritidsbustad med fleire bygg på same eigedom | kr. 16.406,- |

- | | |
|---|--------------|
| 3.2.6. § 20-3, oppføring av nærings-/industribygg pr. BRA pr. tomt | |
| BRA 0 – 100 m2 | kr. 3.108,- |
| 101- 200 m2 | kr. 4.311,- |
| 201 – uavgrensa | kr. 6.043,- |
| 3.2.7. § 20-1 Andre bygg og store konstruksjonar | kr. 10.362,- |
| 3.2.8. For tiltak/bygg i tiltaksklasse 2 aukar satsane ovanfor med 25 % | |
| 3.2.9. For tiltak/bygg i tiltaksklasse 3 aukar satsane ovanfor med 50 % | |

Ved handsaming av søknad i to-trinn, vert halvparten av gebyret fakturert når det er gitt rammeløyve, medan resterande halvpart av gebyret vert fakturert ved igangsettingsløyve.

4. Endring av byggeløyve

- | | |
|---|-------------|
| 4.1. Endring av tidlegare gitt løyve til tiltak jf. § 20-3, 1/3 av fyrste gebyr for vedtak. | |
| 4.2. Endring av tidlegare gitt løyve til tiltak jf. § 20-4, | kr. 3.108,- |
| 4.3. Endring av tiltakshavar | kr. 0,- |

5. Godkjenning av føretak for ansvarsrett, jf. Plan- og bygningsloven kap. 22.

- | | |
|---|-------------|
| 5.1. § 22-3 Lokal godkjenning av føretak som har sentral godkjenning | kr. 344,- |
| 5.2. § 22-3 Lokal godkjenning av føretak som ikkje har sentral godkj. | kr. 1.733,- |
| 5.3. § 22-3 Lokal godkjenning jfr SAK 10 § 6-8, «sjølvbyggjar» | kr. 2.587,- |

6. Ulovlegheitsoppfølging, jf. Plan- og bygningsloven kap. 32.

- | | |
|--|-------------|
| 6.1. Gebyr for manglande søknad om ferdigattest når kommunen har registrert at tiltak er tatt i bruk | kr. 3.450,- |
| 6.2. Overtredelsesgebyr jf. § 32-8, som SAK 10 § 16-1. | |

7. Timesats

- | | |
|---|------------|
| For tiltak som ikkje kan handsamast i medhald av satsar som nemnt ovanfor skal gebyr bereknast etter medgått tid med timesats | kr 1.690,- |
|---|------------|

Kart- og eigedomsinformasjon, priser til leverandør 2025

NB: For kunde kjem i tillegg påslag frå leverandør og mva.

Produkt	Pris
Meklarpakke bebygd eigedom	2 087,00
Meklarpakke ubebygd eigedom	1 391,00
Grunnkart	272,00
Bygningsopplysningar	380,00
Ortofoto i farger	217,00
Målebrev (skyldskiftedokument)	272,00
Naboliste	380,00
Bygningsteikningar	380,00
Leidningskart	280,00
Vedtekter for seksjonssameige	272,00
Ferdigattest / midlertidig brukstillatelse	272,00
Vannforsyning og avlaupsforhold	167,00
Kommunale avgifter	167,00
Restanser og legalpant	167,00
Planstatus	491,00

Gebyr for arbeid etter Matrikkeloven

Matrikkelova skal sikre tilgang til viktige eigedomssopplysningar, ved at det blir ført eit einsarta og påliteleg register (matrikkelen) over alle faste eigedomar i landet, derunder bygningar, bustader og adresser, og at grenser og eigedomstilhøva blir klarlagt.

Den praktiske oppmålinga blir utført av kart – og oppmålingsingeniøren. Utgangspunktet er at gebyret skal dekkje totalkostnaden med tenesta.

Auken i gebyrsatsane frå 2024 til 2025 vert sett til 4,5 % (lønnsauke) med avrunding til heile kroner.

9.1 Oppretting av Matrikkeleining

9.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn	2025	2024
Areal frå 0-500 m ²	17 732,-	16 969,-
Areal frå 501-2000 m ²	21 578,-	20 649,-
Areal over 2001 m ² - auke pr påstarta daa.	2 106,-	2 106,-
Areal frå 10 001 m ² vert fakturert etter timepris	1 385,- pr time	1 326,- pr time
Oppretting av punktbeste	7 172,-	7 172,-

Ved samtidig oppmåling av 2 eller fleire tilgrensande tomter som er rekvirert av same rekvirent, vert det gjeve ein reduksjon i pris på 15 % av gebyret pr. tomt.

9.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	2025	2024
Areal frå 0-500 m ²	17 100,-	16 364,-
Areal frå 501-2000 m ²	20 758,-	19 865,-
Areal over 2001 m ² - auke pr påstarta daa.	2 106,-	2 106,-
Matrikulering utan oppmålingsforretning	7 172,-	7 172,-

9.1.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon		
Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon	2025	2024
Areal frå 0-50 m ²	11 080,-	10 603,-
Areal frå 51-250 m ²	17 732,-	16 969,-
Areal frå 251-2000 m ²	21 217,-	21 217,-
Areal over 2001 m ² - auke pr påstarta daa.	2 030,-	2 030,-

Eigarseksjoneringsgebyr pr. bygg:

- Dersom synfaring ikkje er nødvendig: 3 x rettsgebyr
- Dersom synfaring er nødvendig: 5 x rettsgebyr

9.1.4 Oppretting av anleggseigedom		
Gebyr for oppretting av grunneigedom.	2025	2024
Areal frå 0-2000 m ³	33 254,-	31 822,-
Areal over 2001 m ³ - auke pr påstarta daa.	4 236,-	4 236,-

9.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter anvendt tid.

Timesats 2025: kr 1 385,-

Timesats 2024: kr 1 326,-

Timesats vert nytta i dei tilfella der kart- og oppmålingsarbeidet skal skje etter medgått tid.

9.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyret blir som i punkta 9.1.1, 9.1.2, 9.1.4 og 9.1.5 pluss eit tillegg på kr 2 661,-

9.2.1 Oppretting av grunneigedom over større samanhengande areal

Gebyr for oppretting av grunneigedom over større samanhengande parsellar/ eigedomar til landbruk, allmenne fritid- og andre allmenntilgjengelege føremål skal fakturerast etter medgått tid jfr timesats i punkt 9.1.5 og minstepris tilsvarende 3 timar.

9.2.2 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført må avvisast, eller sak som ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve, eller av andre grunnar ikkje kan slutførast er sett til 1/3 av gebyrsatsane i punkt 9.1.1 – 9.1.5.

9.3 Grensejustering

9.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av arealet på eigedommen (maksimalgrense er sett til 500 m²). Ein eigedom kan likevel ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av arealet på eigedommen før justeringa. For grensejustering til veg- og jernbaneføremål kan andre arealklassar gjelde.

	2025	2024
Areal frå 0 – 250 m ²	12 555,-	11 969,-
Areal frå 251 – 500 m ²	16 317,-	15 555,-

9.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan arealet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens sitt volum, men den maksimale grensa setjast til 1 000 m³.

	2025	2024
Areal frå 0 – 250 m ²	12 507,-	11 969,-
Areal frå 251 – 500 m ²	16 254,-	15 555,-

9.4 Arealoverføring

9.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

	2025	2024
Areal frå 0-250 m ²	12 673,-	12 127,-
Areal frå 251-500 m ²	16 254,-	15 555,-
Areal over 501 auke m ² - pr. nytt påstarta 500 m ²	4 486,-	4 293,-

9.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan det volum som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom krava for samanføyning er tilstade. Matrikkeleininga skal vere eit samanhengande volum.

	2025	2024
Volum frå 0-250 m ³	21 882,-	20 940,-
Volum frå 251-500 m ³	33 254,-	31 822,-
Volum over 501 m ³ - auke pr nytt påstarta 500 m ³	3 135,-	3 000,-

9.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfastsett ved oppmålingsforretning

	2025	2024
For inntil 4 punkt	7 747,-	7 414,-
Dersom det er fleire enn 4 punkt er det tillegg pr. pkt.	1 488,-	1 488-

Gebyret skal ikkje bli høgare enn fullt gebyr etter punkt 1.

9.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfastsett, eller klarlegging av rettar

	2025	2024
For inntil 4 punkt	12 411,-	11 832,-
Dersom det er fleir enn 4 punkt er det tillegg pr. Pkt.	2 054,-	1 959,-

Klarlegging av rettar vert fakturert etter anvendt tid. Timesatsen er jf pkt 9.1.5.

9.7 Privat grenseavtale

	2025	2024
For inntil 4 grensepunkt, eller 100 m grenselengde	13 293,-	12 721,-
For fleire enn 4 pkt., eller meir enn 100 m grense blir det tillegg for kvart punkt, eller kvart påbegynt 100 m grenselengde på	2 200,-	2 106,-

Rimelegaste alternativ for rekvirenten skal veljast. Det kan gjerast avtale om at ein skal rekne gebyr etter anvendt tid. Timesatsen er jf pkt 9.1.5

9.8 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret er heilt klart urimeleg i høve til dei prinsippa som er lagd til grunn, og i høve til det arbeidet og kostnadene som kommunen har hatt, så kan kommunedirektøren, eller den som han har gitt fullmakt på eige tiltak fastsette eit redusert gebyr.

Den som har fullmakt kan med same føresetnader, og på bakgrunn av grunngjeve skriftleg søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsette eit redusert gebyr.

9.9 Betalingstidspunkt

Gebyret skal vere betalt før kommunen utfører oppmålinga. I saker der det ikkje ender opp med dokument som krev oppmåling, eller tinglysing skal gebyret vere betalt før kommunen lagar endelege dokument i saka.

9.10 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saka sin gang endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert likevel gebyret oppretthalden.

9.11 Utsteding av matrikkelbrev

	2025	2024
Matrikkelbrev inntil 10 sider	175,-	175,-
Matrikkelbrev over 10 sider	350,-	350,-

Jfr. Matrikkelforskrifta § 16 fjerde ledd.

9.12 Vinterstid

Frist til kommunen på 16 veker frå rekvisisjon gjeld ikkje for tida mellom 15. november og 1. mai. For oppmåling i område der tilkomstvegen er vinterstengt, gjeld ikkje fristen før vegen opnar. Dersom vær og føreforholda tilseier det, så vil ein strekkje seg etter å også kunne utføre oppmåling innan 16 vekers fristen i perioden 15.11 - 01.05.

Handsaming av private regulerings- og detaljplanar

Samanstilt med mange andre kommunar er handsamingsgebyra for private regulerings- og detaljplanar låge. Ny plan- og bygningslov har auka dokumentasjonskrava og arbeidsmengda med denne type planar. Krav til digitalt planarkiv og handtering av dette har gjeve ei dyrare og tidsmessig meir handtering for kommunen. For å kompensere på dette vart det for 2014 føreslått ein ny struktur på gebyrlegginga for handsaming av reguleringsplanar. Dette er og meir på linje med kva andre kommunar i vår storleik har i gebyr for handsaming av reguleringsplanar, men også for å få meir realisme i dei faktiske kostnadane for handsaminga av desse. Ein føreslår ingen endring frå 2023 til 2024 med utgangspunkt i 2023-prisar.

PBL kap. 12

14.1	2025	2024
Handsaming av plan på inntil 10 daa	31 368,-	30 017,- + annonseringskostnad
Tillegg pr påbegynt daa over 10 daa	1016,-	972,-

14.2 Endring av reguleringsplan jf. Pbl. § 12 – 14, fyrste ledd:

For handsaming av private forslag til endring av reguleringsplan 1. gang, som krev høyring, er gebyret:

2025	2024
16 460,-	15 752,-

14.1 Endring av reguleringsplan jf. Pbl. § 12 – 14, andre ledd:

Handsaming av private forslag om endring etter forenkla prosess.

2025	2024
9 052,-	8 663,-

14.2 Fornyng av reguleringsplanen med nytt planvedtak jf. PBL § 12 – 4, siste ledd:

2025	2024
8 230,-	7 876,-

14.4 Betaling av gebyr:

Gebyret skal vere betalt etter rekningsoppgåve frå kommunedirektøren før saka vert handsama første gong av det faste utvalet for plansaker, ev. anna myndig organ. Dersom planforslaget vert forkasta, vert gebyret redusert med 50 %. Gebyret vert utrekna etter den dei satsane som gjeld den dagen søknaden vert journalført.

Jord- og konsesjonslov

- Gebyret for handsaming av konsesjonssaker utgjer 3 promille av kjøpesummen, med eit minimumsgebyr på kr 1 000 og eit maksimalt gebyr på kr 5 000.
- I delingssaker etter jordlova skal det betalast eit gebyr på kr 2 000. (makssats jf eiga forskrift).

Det vert elles vist til *Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons – og delingssaker fastsett av Statens landbruksforvaltning 14.desember 2011.*

Fellingsavgifter

Type dyr	2024	2025
Vaksen elg	460,-	460,-
Elgkalv	200,-	200,-
Vaksen hjort	350,-	350,-
Hjortekalv	200,-	200,-

Kommunale avgifter og betalingssatsar

Registrert bygningstype i Matrikkelen (nasjonalt eigedomsregister) er avgjerande for kva type gebyr eigedomen skal ha. Eventuelle endringar av gebyrtype skal skje etter skriftleg og grunngjeven søknad jf. gjeldande lovar og vedteker tilhøyrande tenesteområde, eller i dei tilfella der det er søkt om og gjeve løyve til bruksendring jf. plan – og byggjelova sine reglar. Det er søknadstidspunkt som er avgjerande for kva tid gebyrendringa eventuelt vert gjeldande ifrå. Søknadar om endring vert ikkje gjeven tilbakeverkande kraft.

Kommunen fakturerer kommunale avgifter kvar månad. Abonnentane kan sjølv velje om dei vil ha faktura ei gong i året, per kvartal eller per månad. Tabellane under gjev forslag til endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar for dei ulike ansvarsområda vatn, kloakk, renovasjon, slamtømming og feiing.

Årsavgift for vann (fast- og kubikkavgift for hus, hytte og næring)

2024 – 3,5 % auke frå 2023 til 2024.

Gebyr ekskl. mva.	Gebyr inkl. mva.	Tekst	Måleeeining
11,48	14,35	Vassgebyr etter areal	Kubikk
2 001	2 501	Abonnent vatn	Stk
4 281	5 351	Abonnent vatn næring	Stk
11,48	14,35	A konto vatn	Kubikk
26 814	33 517	Tilkoplingsavgift	Stk
15 % av monteringskostnad		Vassmålarleige	Stk

2025 – 7,1 % auke frå 2024 til 2025. Tilkoplingsavgift som i 2024.

Gebyr ekskl. mva.	Gebyr inkl. mva.	Tekst	Måleeeining
12,29	15,37	Vassgebyr etter areal	Kubikk
2 143	2 678	Abonnent vatn	Stk
4 585	5 731	Abonnent vatn næring	Stk
12,29	15,37	A konto vatn	Kubikk
26 814	33 517	Tilkoplingsavgift	Stk
15 % av monteringskostnad		Vassmålarleige	Stk

Merk: Desse prisane gjeld fram til 30.04.25 viss forslaget under blir vedteke.

Det er føreslege i statsbudsjettet å redusere meirverdiavgifta på vatn og avløp frå 25 % til 15 % frå 01.05.25. Viss dette blir vedteke, vil prisane bli som følger frå 01.05.25:

Gebyr ekskl. mva.	Gebyr inkl. mva.	Tekst	Måleeeining
12,29	14,14	Vassgebyr etter areal	Kubikk
2 143	2 464	Abonnent vatn	Stk
4 585	5 272	Abonnent vatn næring	Stk
12,29	14,14	A konto vatn	Kubikk
26 814	30 836	Tilkoplingsavgift	Stk
15 % av monteringskostnad		Vassmålarleige	Stk

Plombering eller opning av plombering blir fakturert etter medgått tid. Timeprisen er lik lønnskostnaden til den tilsette + km godtgjersle. Oppmøtegebyr for vassmålaravlesing blir fakturert etter medgått tid.

Tilkoplingsavgift blir fakturert når byggeløyyvet blir gitt til nybygg. For eksisterande bygg, campingvogner og bubilar, så vert tilknytingsgebyret fakturert når søknad om tilknytning er godkjent. Årsgebyra (abonnementet og forbruk) blir fakturert frå dato for tilkopling til det kommunale leidningsnettet.

Årsavgift for kloakk (fast- og kubikkavgift for hus, hytte og næring)

2024 – 4,7 % auke frå 2023 til 2024.

Gebyr ekskl. mva.	Gebyr inkl. mva.	Tekst	Måleeeining
40,48	50,60	Kloakkgebyr etter areal	Kubikk
5 075	6 343	Abonnent kloakk	Stk
10 143	12 679	Abonnent kloakk næring	Stk
40,48	50,60	A konto kloakk	Kubikk
44 042	55 053	Tilkoplingsavgift	Stk

2025 – 3,7 % auke frå 2024 til 2025. Tilkoplingsavgift som i 2024.

Gebyr ekskl. mva.	Gebyr inkl. mva.	Tekst	Måleeeining
41,98	52,47	Kloakkgebyr etter areal	Kubikk
5 262	6 578	Abonnent kloakk	Stk
10 518	13 148	Abonnent kloakk næring	Stk
41,98	52,47	A konto kloakk	Kubikk
44 042	55 053	Tilkoplingsavgift	Stk

Merk: Desse prisane gjeld fram til 30.04.25 viss forslaget under blir vedteke.

Det er føreslege i statsbudsjettet å redusere meirverdiavgifta på vatn og avløp frå 25 % til 15 % frå 01.05.25. Viss dette blir vedteke, vil prisane bli som følger frå 01.05.25:

Gebyr ekskl. mva.	Gebyr inkl. mva.	Tekst	Måleeeining
41,98	48,27	Kloakkgebyr etter areal	Kubikk
5 262	6 052	Abonnent kloakk	Stk
10 518	12 096	Abonnent kloakk næring	Stk
41,98	48,27	A konto kloakk	Kubikk
44 042	50 649	Tilkoplingsavgift	Stk

Plombering eller opning av plombering blir fakturert etter medgått tid. Timeprisen er lik lønnskostnaden til den tilsette + km godtgjersle. Oppmøtegebyr for målar-avlesing blir fakturert etter medgått tid.

Tilkoplingsavgift blir fakturert når byggeløyyet blir gitt til nybygg. For eksisterande bygg, campingvogner og bubilar, så vert tilknytingsgebyret fakturert når søknad om tilknytning er godkjent. Årsgebyra (abonnementet og forbruk) blir fakturert frå dato for tilkopling til det kommunale leidningsnettet.

Årsavgift for slamtømming

Slamavgift – ingen endring frå 2024 til 2025

Det er ikkje ordinær tømming av private slamavskiljarar i 2025.

Gebyr 2024 ekskl. mva.	Gebyr 2024 inkl. mva.	Gebyr 2025 ekskl. mva.	Gebyr 2025 inkl. mva.
2 248,- pr. tank	2 810,- pr. tank	2 248,- pr. tank	2 810,- pr. tank

Tømming på bestilling blir fakturert etter 2024-satsane frå tømmefirma og satsar sett av avfallshandsamar. Prisliste for tømming på bestilling vil bli annonsert på Bygland kommune si heimeside når tala føreligg januar / februar 2025.

Årsavgift for renovasjon
5,0 % auke frå 2024 til 2025

Gebyr 2024 ekskl. mva.	Gebyr 2024 inkl. mva.	Gebyrtype
2 631	3 289	Bustadrenovasjon
2 107	2 634	Bustad med kompostering
1 562	1 953	Hytte

Frå og med 2019 blei det vedteke å harmonere / utvide tilbodet innaføre ordninga i tråd med Setesdal Miljø og gjenvinning sin vedtekne avfallsplan frå hausten 2017.

Gebyr 2024 ekskl. mva.	Gebyr 2024 inkl. mva.	Gebyrtype
2 631	3 289	Standardabonnement: 120 L restavfall, 120 L matavfall, 140 L glass / metall, 240 L papp/papir og 240 L plast.
2 107	2 634	Standard 1 med kompostering
Alternativ, tilleggsgebyr til standard		
361	451	Restavfall (svart) dunk – 240 L
718	898	Restavfall (svart) dunk – 360 L
1 977	2 471	Restavfall (svart) dunk – 660 L
361	451	Matavfall (brun) dunk – 240 L
718	898	Matavfall (brun) dunk – 360 L
318	397	Papir (grøn) dunk – 360 L
636	795	Papir (grøn) dunk – 660 L
1 417	1 771	Glass / metall (grøn) dunk – 660 L
1 562	1 953	Hytterrenovasjon

Gebyr 2025 ekskl. mva.	Gebyr 2025 inkl. mva.	Gebyrtype
2 763	3 453	Bustadrenovasjon
2 212	2 765	Bustad med kompostering
1 641	2 051	Hytte

Frå og med 2019 blei det vedteke å harmonere / utvide tilbodet innaføre ordninga i tråd med Setesdal Miljø og gjenvinning sin vedtekne avfallsplan frå hausten 2017.

Gebyr 2025 ekskl. mva.	Gebyr 2025 inkl. mva.	Gebyrtype
2 763	3 453	Standardabonnement: 120 L restavfall, 120 L matavfall, 140 L glass / metall, 240 L papp/papir og 240 L plast.
2 212	2 765	Standard 1 med kompostering
Alternativ, tilleggsgebyr til standard		
379	474	Restavfall (svart) dunk – 240 L
754	943	Restavfall (svart) dunk – 360 L
2 076	2 595	Restavfall (svart) dunk – 660 L
379	474	Matavfall (brun) dunk – 240 L
754	943	Matavfall (brun) dunk – 360 L
333	417	Papir (grøn) dunk – 360 L
668	835	Papir (grøn) dunk – 660 L
1 488	1 860	Glass / metall (grøn) dunk – 660 L
1 641	2 051	Hytterrenovasjon

Utgangspunktet for eit standard abonnement ser ein i tabellen ovanfor. For å berekne ekstrakostnadane for større dunkar, så tek ein utgangspunkt i gjennomsnittsløyperansen pr. år for ein dunk av standard storleik, pris på tømning av den aktuelle dunkstorleiken og talet tømningar pr. år.

Dei som idag har større dunkar og betalar for standard abonnement blir orientert med eigne skriv og dei nye gebyra byrjar å laupe 3 månadar etter varslet.

Levering av restavfall til Nesmoen avfallsstasjon 2 gonger pr. mnd er inkludert i gebyret for privatabonnentar. Hushaldningane skal ha abonnement for restavfall, matavfall, papp / papir / plast og glass / metall. Næringsdrivande har avtale direkte mot renovatøren.

Årsavgift for feiing

Feieavgift (ekskl. mva.) 3,1 % auke frå 2024 til 2025

År	Endring i %	Pris pr. pipe ekskl. mva.	Pris pr. pipe inkl. mva.
2025	3,1	Kr 565	Kr 706
2024	17,6	Kr 548	Kr 685

Det er ikkje differensiering i pris pr. pipe. Frå og med 2019 har Setesdal brannvesen starta med forskriftsmessig feiing og tilsyn av hytter og fritidsbustadar. Talet piper som skal førast tilsyn og feiing i vil auke.

Til utleige

Utleige av rom til private ved Byglandsfjord og Bygland oppvekstsenter

Takstane er justert jf lønnsvekt på 4,9 % frå 2023 til 2024.

Skule	Rom	Aktivitet	Leigekost. 2024	Leigekost. 2025	Kommentarar
Bygland	Kulturscena m/garderobar og kjøkken	Bryllaup, konfirmasjon, jubile o.l.	1 630,-	1 630,-	Må bruke kommunale reinhaldarar
Bygland	Kulturscena m/garderobar og kjøkken	Kommersielle arrangement	2180,- pr. gong.	2180,- pr. gong.	Må bruke kommunale reinhaldarar
Bygland	Leige teknisk lyd-utstyr i samband med lån av kulturscenen	Arrangement som krev lydutstyr	530,- kr. pr. førestilling/gang (dette gjeld for alle)	530,- kr. pr. førestilling/gang (dette gjeld for alle)	Leigetakar må stille med godkjent lydteknikar
Bygland	Leige av eventuelt tilgjengeleg teknisk personell	Arrangement som krev lydutstyr			
Bygland	Symjehall m/ birom	Bading	380 pr. time	380 pr. time	Leigetakar/ brukar er ansvarleg for å tilfredsstille krav til badevakt
Byglandsfjord oppvekstsenter	Årdalshallen m/ birom	Bryllaup, konfirmasjonar, jubile, trening o.a.	1 630,-	1 630,-	Må bruke kommunale reinhaldarar
Byglandsfjord oppvekstsenter	Årdalshallen m/ birom	Kommersielle arrangement	2180,- pr. gong.	2180,- pr. gong.	Må bruke kommunale reinhaldarar
Begge oppvekstsentra	Kulturscene/ Årdalshallen m/birom og andre rom	Opphald i helgene	Etter avtale	Etter avtale	Dette kan gjelde lag på treningstur o.l.

Utlån av klasserom/ kulturscenen/ symjehall på oppvekstsentera for lag og foreiningar tilhøyrande i Bygland kommune er gratis for kurs- og møteverksemd. Det same gjeld for andre offentlege instansar eller anna kommunal verksemd. Ved leige av teknisk utstyr må ein ha godkjent personell til å handtere utstyret. Bygland kommune kan formidle kontaktinformasjon til teknisk personell ved behov for det. Nøklar kvitterast ved tenesteleiarane på oppvekstsentera. Inntekter frå utleiga tilfell ansvarsområda på oppvekstsentera innunder Drift og forvaltning.

Eventuell utleige av kommunale bygg til overnatting krev søknad om bruksendring til Setesdal brannvesen IKS. Pris ved denne type utleige skal dekke ekstrakostnader kommunen har ved utleiga.

Takstar familiebadinga på Bygland skule

Tekst	2024	2025
Born pr. gong	0,-	0,-
Sesongkort born	0,-	0,-
Vaksne over 18 år	0,-	0,-
Sesongkort over 18 år	0,-	0,-
Familie, sesongkort	0,-	0,-

Symjehallen er open for ålmenta tysdagar og fredagar frå kl. 17.00-20.00 i perioden fyrste veka etter haustferien, og fram til påske.

Utleige av Byglandshallen

	Rom	Aktivitet	Leigekost 2024	Leigekost 2025	Kommentar
Bygland idrettshall	Heile hallen med garderobar	Arrangement til inntekts-erhverving og private	5 440,-	5 440,-	Inkl. reinhald
Bygland idrettshall	2 / 3 hall	Arrangement til inntekts-erhverving og private	4 350,-	4 350,-	Inkl. reinhald
Bygland idrettshall	1 / 3 hall	Arrangement til inntekts-erhverving og private	3 260,-	3 260,-	Inkl. reinhald
Bygland idrettshall	Trimrom	Bygland IL	Treningsavgift til Bygland IL	Treningsavgift til Bygland IL	Inkl. reinhald. Bygland IL administrerer tilgangen til rommet.
Bygland idrettshall	Garderobar ved arrangement utandørs	Arrangement til inntekts-erhverving og private	1 090,-	1 090,-	Inkl. reinhald

Det kan ikkje gjerast avtale om leige av hallen utan reinhald. Leigekostnadane er pr. gong. Det kan gjerast særskilde avtalar av kommunedirektør / ordførar dersom det dukkar opp tilfelle som ikkje fell innunder dette oppsettet. T.d. sesongleige.

Utleige av Ose grendehus

Leige av Ose grendehus	Inkl. reinhald 2024	Inkl. reinhald 2025
Storsalen (heile bygget)	3 800	3 800
Liten sal (biblioteket)	1 630	1 630
- Gang i andre høgda	1 090	1 090
- Fyste etasje	1 630	1 630
	Ekskl. reinhald 2024	Ekskl. reinhald 2025
Liten sal (biblioteket)	1 090	1 090
- Gang i andre høgda	1 090	1 090
- Fyste etasje	1 090	1 090
- Leige av kjøkken til matlaging	870	870

- Pris pr. pers ved overnatting kr 210- (sjå under)

Det er vedtekne eigne drifts- og bruksreglar for Ose grendehus, k-styresak nr 30 / 11 den 31.03.2011.

Ved utleige av huset til overnatting i regi av private aktørar kjem pris pr. pers i tillegg til pris i kombinasjon over. Andre ynskje dekkjast ved å kombinere takstane.

Leigesummen inkluderer bruk av kjøkken- og kjøkkenutstyr og sanitære anlegg.

Det skal ikkje krevjast leige for tilskipingar i regi av lag og foreiningar tilhøyrande i Bygland kommune som alle kan vere medlemmer av. Vidare skal det ikkje krevjast leige for t.d. 17 mai feiringar, joletrefestar eller andre arrangement som ikkje har private økonomiske interesser.

Utleige av Lokomotivstallen

	2024	2025
- Storsalen (heile bygget)		
- Storsalen (heile bygget) inkl. reinhald	2 500	2 500
- Berre loftet og kjøkken	870	870
- Pris pr. overnatting pr. pers	210	210

Det er vedtekne egne drifts- og bruksreglar for Lokomotivstallen, k-styresak nr 31 / 11 den 31.03.2011.

Utleige av pakkbua

K – styre vedtak nr 30/22 den 15.06.2022 gir:

Det blir sett inn tilsvarende drifts – og bruksreglar for Pakkbua som skulehusa i Grendi og Åraksbø. Administrasjonen får i oppgåve om kven som skal ta ansvar for utlevering av nøkkel / kode. Kommunen sitt eige behov til helsefagleg tilbod blir prioritert.

	2024	2025
Pris for leige av bygget:	870	870

Utleige av Grendi skule

Bruksreglar frå 2011 blei revidert og vedteken i k – sak 31/22 den 15.06.2022. Dei harmonerer med Åraksbø skulehus sine bruksreglar så langt det er praktisk mogleg.

	2024	2025
Pris for leige av bygget:	870	870

Utleige av Åraksbø grendehus

Bruksreglar er vedtekne i formannskapet den 18.04.2012, sak nr 38 / 12.

	2024	2025
Pris for leige av bygget:	870	870

Husleige i kommunale bustader

Ved utflytting og ny utleige av kommunale bustadbygg leggjast fylgjande utleigesatsar til grunn:

Utleigeobjekt	Gjeldande utleigetakst 01.04.24	Gjeldande utleigetakst 01.04.25	Merknad
Tvitun A	5 000,-	5 000,-	Vedtak på sal
Tvitun B	5 000,-	5 000,-	Vedtak på sal
Hampetun A og B	4 890,-	4 890,-	
Prestlidi (4 stk.)	4 350,-	4 350,-	Tidlegare aldersbustadar
Flyktningebustad 1 Rindane	5 980,-	5 980,-	Huset blei teken i bruk sommaren 2015
Flyktningebustad 2 Rindane	5 980,-	5 980,-	Huset blei teken i bruk tidleg haust 2017.

Sentrum 27E	6 300,-	6 300,-	Nyinnkjøpt leilegheit, Bygland sentrum.
-------------	---------	---------	---

Tomteprisar

	2024	2025
Austad	25 000,-	25 000,-
Åraksbø	25 000,-	25 000,-
Bygland Prestlidi	25 000,-	25 000,-
Grendi	25 000,-	25 000,-

Byglandsfjord (gamle tomter) kr 25 000,-

Tomt på gnr / bnr 69/332 kr 25 000,-

	2024	2025
Byglandsfjord bustadfelt, Breidablikk	25 000,-	25 000,-
Bygland, Rindane bustadfelt	25 000,-	25 000,-
Næringstomter Nesmoen	kr 1 pr. m ²	kr 1 pr. m ²

Tilkoplingsavgift for vatn og kloakk, oppmålingsforretning med tinglysingsgebyr kjem i tillegg.

Eigenandel for kommunal brøyting av private vegar

Årstal	Eigenandel
2024	3 350,- pr oppsitjar / brukar ekskl. mva., 4187,50 inkl. mva.
2025	4 500,- pr oppsitjar / brukar ekskl. mva., 5625,00 inkl. mva.

I k-sak nr 53 / 19 og k-sak nr 65 / 19 blei reglementet for kommunalt vintervedlikehald av private vegar noko endra. Ordninga kan også famne om brukarar som mottek helse- og omsorgstenester som etter vurdering av omsorgsnemnda kvalifiserer for tenesta. Dersom tenesta er tidsavgrensa blir årssummen delt på veketal gjennom året.